



Kirkemøtet 2004

Den norske kyrkjas identitet og oppdrag

Fråsegn frå Kyrkjemøtet 2004

© Den norske kyrkja, Kyrkjerådet

Kan tingast frå
Kyrkjerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 Oslo

Tlf.: 23 08 12 19
E-post: materiell@kirken.no

Produksjon: Kirkens informasjonstjeneste
Opplag 1.000 eks. 12/04

Den norske kyrkja er inne i djuptgripande endringsprosessar. Kyrkjemøtet tok i 2002 initiativ til eit arbeid med kyrkjeforståinga og kyrkjelege reformer. I regi av Kyrkjerådet gjeng dette arbeidet mellom anna føre seg ved at organ og tillitsvalde i kyrkja vert trekte inn i drøftingar om deira forståing av kyrkja.

Fråsegna “*Den norske kyrkjas identitet og oppdrag*” som eit samrøystes Kyrkjemøte vedtok i november 2004, inviterer alle medlemmer av kyrkja til å tenkje over kva kyrkja er og skal vere.

Kyrkjemøtet 2004 vedtok fråsegna på bakgrunn av eit spørsmål frå det regjeringsoppnemnde stat/kyrkjeutvalet.

Fråsegna frå Kyrkjemøtet er gruppert i tre hovudkapittel:

side 4 - Grunnlag og mål

side 7 - Fellesskap og organisasjon

side 15 - Folkekyrkje og samfunn

A. GRUNNLAG OG MÅL

1.

Ei verdsomspennande kyrkje

Den norske kyrkja er ein del av den verdsomspennande kristne kyrkja som har sitt grunnlag i Jesu liv, død og oppstode. I den nikkenske trusvedkjenninga blir trua på éi, heilag, allmenn og apostolisk kyrkje uttrykt. Ho omfattar menneske som ved dåpen er sette inn i fellesskap med Gud og med kvarandre.

2.

Kyrkja i Noreg

Den norske kyrkja er ei vidareføring av den kyrkja som vart etablert i Noreg på slutten av det første tusenåret. I dag er Den norske kyrkja del av ein brei fellesskap av ulike kyrkjesamfunn i landet vårt. Frå ho vart grunnlagd har kyrkja i Noreg vore ein del av den europeiske kyrkjetradisjonen. Denne tradisjonen har sett varige spor i gudstenestelivet, i kyrkjeskikkar og kyrkjeordningar. Som folkekyrkje har kyrkja blitt forma av og sett sitt preg på kultur, historie og samfunnsliv. På ulikt vis har ho hatt nære band til konge, statsmakt og andre styringsorgan. Den norske stat er grunnlagt på territoriet til to folk, det samiske og det norske. Den norske kyrkja vedkjenner at ho har medverka til fornorsking og undertrykkjing av samane som folk. Som folkekyrkje er Den norske kyrkja ikkje identisk med folkefellesskapen, men er ein særprega fellesskap bygd på dåpen og trua. Som trussamfunn har folkekyrkja ein identitet som er forankra i eit eige trusgrunnlag. Vedtak i Kyrkjemøtet om at Den norske kyrkja skal vere ei vedkjennande, misjonierende, tenande og open folkekyrkje gir uttrykk for denne identiteten.

3.

Ei vedkjennande kyrkje

Den norske kyrkja vedkjenner seg trua på den treeinige Gud, Far, Sonen og Den Heilage Anden, som skapar, frelsar og livgjevar. Denne trua er forankra i dei bibelske skriftene i Det gamle og Det nye testamentet. Kyrkja ser dei oldkyrkjelege vedkjenningane som eit uttrykk for den felles kristne trua som den deler med andre kyrkjer. Dei særskilde lutherske vedkjenningsskriftene er eit genuint uttrykk for denne felles trua. Kyrkja vitnar om Guds kjærleik og gode vilje med verda og det einskilde menneskelivet, og om den uendelege verdien kvart einskild menneske har. Ho vitnar om nåden og tilgjevinga frelsa gir, om det håpet for verda og den einskilde som er gitt i Jesu oppstode, og trua på at han kjem attende og gjer alle ting nye. Det er kyrkja si oppgåve å gi vidare vedkjenninga si på ein slik måte at ho blir rotfesta i nye generasjonar.

4.

Ei misjonerande kyrkje

Den norske kyrkja er sjølv eit resultat av at kristen tru og gudsteneste kom til landet vårt. Ho er kalla av den treeinige Gud til å vitne i ord og gjerning om den gode budskapen. For kyrkja er det såleis ei plikt å dele evangeliet om Jesus Kristus med alle menneske, både i vårt eige land og over heile verda, i ulike kulturar og samanhengar. Kyrkja har del i Kristi eige oppdrag; å kalle menneske til å la seg forsone med Gud og med kvarandre, og til å bli døypte inn i den kristne kyrkja. Kyrkja sin misjon skal ha preg av vilje til å lytte og til å møte alle menneske og kulturar med respekt.

5.

Ei tenande kyrkje

Den norske kyrkja er kalla av Gud til å vere på lag med dei svake og utstøytte, peike på urett, lindre og overvinne naud. Den norske kyrkja skal vere ei tenande kyrkje, ein diakonal fellesskap

der menneske gir omsorg og finn omsorg. Kyrkja blir utfordra og utfordrar til forvaltarteneste i ei verd der livsmiljø og ressursar er trua, til kamp for rettferd der kløfta mellom rike og fattige aukar, og til handling for fred der menneske lever med urett og krig.

6.

Ei open kyrkje

Trua på kyrkja som allmenn kallar Den norske kyrkja til å vere ei open kyrkje. På det viset følgjer ho sin Herre som møtte alle menneske ope og tydeleg. Kyrkja skal gi rom for mangfaldet i menneskelivet, i kvardag og fest. Ho skal lytte til livsrøynsler og spørsmål som menneska har, og tilby fellesskap som gir forankring og tilknyting. Kyrkja vil la seg utfordre av ulike kunst- og kulturuttrykk, og er budd på å fornye si forkynning og sine trusuttrykk i møte med kulturen i samtida. Som ei open kyrkje vil Den norske kyrkja vere i dialog med samfunns- og kulturlivet og med andre religionar og livssyn.

B. FELLESSKAP OG ORGANISASJON

7.

Former i kyrkja

Den norske kyrkja framtrer ikkje alltid som ei vedkjennande, misjonierende, tenande og open folkekyrkje. Når formspråket i kyrkja kjem til kort i møtet med samtida, må kyrkja finne nye former og uttrykk i sin kommunikasjon. Når fellesskapen i kyrkja blir opplevd som ufullstendig, er det ei utfordring for medlemmane i kyrkja å finne nye former.

8.

Gudstenesta

Når kyrkjelyden er samla om evangeliet, om dåpen og om nattverden, finn fellesskapen i kyrkja sitt grunnleggjande uttrykk, jf. Den augsburgske trusvedkjenninga, artikkel VII: "Men kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett." Dette skjer i høgmessa som er hovudsamlinga i kyrkjelyden, men også i andre typer gudstenester, ved gravferd og vigsel, og i samband med friare møteformer. I gudstenesta har dei andre sidene ved kyrkja sitt liv sin basis. I denne fellesskapen møtest menneske i Guds nærvær, Gud møter oss med sin nåde, og vi ærar Gud. Evangeliet utfordrar oss til å tale sant om livet, til oppgjer, tilgjeving og nytt liv. I gudstenesta skjer ei kontinuerleg fornying av kyrkja i brytinga mellom tradisjon, samtid og kontekst. Den norske kyrkja arbeider aktivt med å fornye gudstenesta gjennom ei gudstenestereform som skal fremje fleksibilitet, involvering og lokal forankring.

9.

Dåp og medlemskap

Den einskilde blir medlem av kyrkja og i fellesskapen i kyrkjelyden

gjennom å bli døypt i namnet til den treeinige Gud, anten det skjer som barn eller vaksen. Den norske kyrkja godkjenner også dåp som er utført i andre kristne kyrkjer som grunnlag for medlemskap.

10.

Trusopplæring

Dåpen krev at dei døypte får opplæring i den kristne trua. I samarbeid med foreldre og fadrar har kyrkja eit ansvar for trusopplæringa for barn og unge. Den norske kyrkja arbeider no aktivt med å utvikle ei trusopplæring som fremjer kristen tru, gir kjennskap til den treeinige Gud, og gir hjelp til livstolking og livsmeistring for alle døypte i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsnivå. Ei trusopplæring med breitt nedslag blant medlemmane i kyrkja er avgjerande for å oppretthalde Den norske kyrkja som folkekyrkje. Kyrkja si trusopplæring samspelear med den kunnskapen og dei haldningane som vert formidla gjennom religionsundervisninga i skolen, og med folkelege og kyrkjelege skikkar og tradisjonar. Kyrkja sitt opplegg for konfirmantar når alt breie grupper av tenåringar og er i stadig fornying.

11.

Medlemskap og deltaking

Den norske kyrkja vil stadfeste og ivareta alle sine døypte som fullverdige medlemmar. I Den norske kyrkja er det store variasjonar hos kyrkjemedlemmane i høve til den kristne trua, og til deltaking og engasjement i kyrkjelivet. Kyrkja vil leggje til rette for at fleire kan sjå gudstenesta og fellesskapen i kyrkjelyden som ein stad å uttrykkje og finne styrke til trua.

12.

Ein mangfaldig fellesskap

Med basis i den same dåpen og den same trua er Den norske kyrkja ein likeverdig fellesskap av menn og kvinner, gamle og unge, menneske i ulike familiesituasjonar, med ulik etnisk tilknytning og

språkleg bakgrunn, ulik seksuell identitet, ulike politiske standpunkt, ulik økonomisk og sosial posisjon og ulike funksjonsnivå. Det er ei stadig utfordring å verkeleggjere dette i kyrkjelivet. Kyrkjemøtet har prioritert som særleg viktig at barn og unge kan kjenne seg som fullverdige medlemmar av fellesskapen i kyrkjelyden.

13.

Medansvar og frivillig arbeid

Alle medlemmar i kyrkja har eit kall frå Gud til å tene sine medmenneske. Dette kallet omfattar også eit medansvar for kyrkja si. Kyrkja har bruk for dei evnene og dei anlegga Gud har gitt den einskilde. Derfor vil Den norske kyrkja halde fram med å leggje til rette for frivillig arbeid i kyrkjelydane frå flest mogleg av medlemmane i kyrkja. Ho vil støtte og utruste dei, slik at alle kan bruke sine gåver og anlegg til glede for fellesskapen i kyrkjelyden og lokalsamfunnet. Samstundes vil kyrkja oppmuntre medlemmane sine til å leve ut Guds kall til teneste i kvardagslivet i heimen og samfunnet.

14.

Tenester og stillingar i kyrkja

Til å samle og byggje opp kyrkja og utruste henne til sitt oppdrag har Gud innstifta ei teneste med å forkynne evangeliet og forvalte sakramenta. Prestetenesta har ein offentleg, ordna karakter og blir formidla gjennom ordinasjon. Biskopen har eit særleg ansvar for tilsynstenesta. Diakonar, kateketar og kantorar er vigsla til andre viktige tenester i kyrkjelyden. Også mange andre oppgåver kyrkjelyden har, blir tekne hand om gjennom ordna tenester og stillingar, så som kyrkjevevjer og andre praktiske og administrative leiings- og støttefunksjonar. Som arbeidsgivar blir kyrkja utfordra til å ta vare på alle sine tilsette i eit godt arbeidsmiljø og til å skape eit fruktbart samarbeid mellom tilsette og frivillige medarbeidarar.

15.

Soknet

Soknet er den grunnleggjande organisatoriske eininga i Den norske kyrkja. Som hovudregel er kyrkjemedlemmane som bur i soknet, medlemmar i kyrkjelyden der. Gjennom denne strukturen blir eit kyrkjeleg nærvær sikra i alle lokalsamfunn i landet, og kyrkjelydane får ein klar medverknad i lokalmiljøet. Kyrkjelydane for døve er kategoriale kyrkjelydar for ei viss gruppe kyrkjemedlemmar innanfor eit distrikt. På grunn av endra samfunnstilhøve diskuterer Den norske kyrkja om det trengst større fleksibilitet i den lokale organiseringa.

16.

Kyrkjebygget

I alle sokn skal det finnast ei kyrkje der den lokale kyrkjelyden regelmessig feirar gudsteneste. Gamle og nye kyrkjebygg er uttrykk for kyrkja si historie og for menneskeleg livsrøynsle frå ulike tider. Kyrkjene er staden der evangeliet blir tolka og forkynt på nytt, også ved hjelp av ulike kunstartar og kulturelle uttrykk. Kyrkjebygga må haldast godt ved like for at dei skal kunne vere heilage rom for menneske i dag og fungere som tenlege lokale for aktivitetar i kyrkjelyden. Dette fører med seg at ein må tilpasse mange kyrkjer den aktuelle bruken. Kyrkjene er i seg sjølve viktige symbol i lokalsamfunnet, som mange kjenner seg nært knytte til. Mange stader er også kyrkjegardane viktige for lokal kyrkjeleg identitet. Kyrkja ønskjer at banda til den lokale kyrkja skal styrkast og vidareførast. Det krev mellom anna at det blir lagt til rette for bygging av nye kyrkjer når busetjingsmønstra blir endra.

17.

Kyrkjeleg teneste for menneske i visse livssituasjonar

Mange kyrkjemedlemmar er i fasar av livet ikkje i stand til å bruke tilboda til den lokale kyrkjelyden. For Den norske kyrkja er det viktig å sørgje for kyrkjeleg teneste og fellesskap for menneske i

alle livssituasjonar. Det skjer mellom anna gjennom feltprest-korpset og sjømannskyrkjene, og gjennom kyrkjeleg hjelp ved sjukehus, sjukeheimar, i fengsel og for studentar. Den norske kyrkja støttar den retten medlemmar av andre trus- og livssynssamfunn har til ei tilsvarande ordning, og vil samarbeide om dette der det er naturleg.

18.

Organisasjon og styringsstruktur i kyrkja

Organisasjonen i Den norske kyrkja er eit resultat av ei historisk utvikling der rådsstrukturen har vakse fram ved sida av ein geistleg embetsstruktur. Ordninga i dag er at desse to linjene i den kyrkjelege organisasjonen på ulike vis er fletta saman i eit samhandlingsmønster, samstundes som den geistlege strukturen i visse saker er relativt sjølvstendig. Rådsstrukturen i kyrkja er basert på demokratiske val av og blant kyrkja sine medlemmar. Den norske kyrkja vil arbeide for at ein større del av medlemmane i kyrkja tek ansvar gjennom å delta i kyrkjelege val. Arbeidet i råda skjer i eit nært samarbeid mellom valde representantar og dei som gjennom vigsling og tilsetting har fått ansvar for visse tenester i kyrkja. Dei kyrkjelege rådsorgana har derfor representasjon også frå prestar, biskopar og andre kyrkjeleg tilsette. Som kyrkjelege organ skal rådsorgana utføre si oppgåve på basis av den forståinga av kyrkja og hennar oppdrag, som er gitt i kyrkja sitt trusgrunnlag. Soknerådet, valt av medlemmane i kyrkja, er soknet sitt basisorgan. Den grunnleggjande oppgåva til soknerådet er å vekje og nære det kristelege livet i soknet. I kommunar med fleire sokn tek fellesrådet seg av administrative og økonomiske oppgåver. I kyrkjelova er alle kommunar pålagde eit klart ansvar for den lokale kyrkja sin økonomi. Alle kyrkjelydar høyrer til i eit prosti og i eit bispedøme og står under tilsyn av ein biskop. Den grunnleggjande fastlegginga av føremålet for verksemda i soknerådet finn ein att i oppgåver i bispedømmerådet regionalt og i Kyrkjemøtet nasjonalt. I tillegg har desse organa samordningsansvar i kyrkja. Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste representative organ. Kyrkjerådet er det utøvande organet for Kyrkje-

møtet. Gjennom rådsstrukturen i kyrkja har det i dei seinare åra vakse fram representative ungdomsråd, ungdomsting og eit "Ungdommens kyrkjemøte", som gir vesentlege innspel til saker som blir handsama i dei kyrkjelege organa. I Den norske kyrkja har biskopane, kvar for seg og som bispemøte, eit særleg ansvar for å halde ved lag einskapen og samhaldet i kyrkja, og ikkje minst å verne om kyrkja sin einskap i tru og vedkjenning. Innanfor ramma av statskyrkjeordninga er det rettslege grunnlaget for kyrkja sine ordningar og styreform, både lokalt, regionalt og nasjonalt, gitt i grunnlova og i kyrkjelova. Det inneber at statlege organ; Kongen (regjeringa/kyrkjeleg statsråd), Stortinget og kyrkje-departementet har styringsoppgåver i kyrkja. Ordningane i Den norske kyrkja har gjennom historia vore i kontinuerleg endring og utvikling. I ei tid med store endringar i samfunnet må organisasjonen i kyrkja vurderast heile tida. Kyrkja har dei siste åra starta ein omfattande reformprosess. Ut frå ei teologisk forståing kan ei kyrkjeordning utformast på ulike måtar. Det er eit grunnleggjande kriterium for vurderinga av Den norske kyrkja si ordning at ho, slik situasjonen er i dag, skal ta vare på eigenarten og oppdraget i kyrkja og kyrkjelydane og vere fleksibel nok til å møte skiftande utfordringar.

19.

Kyrkje og stat

Mens kyrkja i grunnlova av 1814 var ein integrert del av statsapparatet, har Den norske kyrkja etter kvart fått ein meir sjølvstendig rettsleg og organisatorisk identitet og ein stor grad av indre sjølvstyre. Statskyrkjeordninga har spela ei viktig rolle for Den norske kyrkja sin plass i det norske samfunnet og for tilhøvet mellom kyrkje og folk. Også i dag sikrar det nære tilhøvet mellom kyrkje og stat viktige omsyn både for kyrkjemedlemmane og for samfunnet. På den andre sida har den nære koplinga mellom kyrkje og statsmakt hatt sine problematiske sider, ikkje minst for minoritetane. Mange av dei opphavelige føresetnadene for etableringa av statkyrkjeordninga er i dag mykje endra. Med fleire trus- og livssynssamfunn er det ikkje lenger samanfall mellom kyrkje

og folk. Innføringa av eit parlamentarisk demokrati inneber at kongen sitt personlege kyrkjestyre er erstatta av organ som hentar sitt mandat også frå veljarar som ikkje er medlemmar av kyrkja. Eit viktig kriterium for den framtidige ordninga av tilhøvet mellom kyrkje og stat er at ho skal sikre religionsfridomen, både for Den norske kyrkja og for andre trus- og livssynssamfunn. Så lenge statskyrkjeordninga står ved lag, er det avgjerande at statlege organ gjennomfører sitt kyrkjelege styringsansvar med respekt for identiteten og trusgrunnlaget i kyrkja og med sikte på å setje kyrkja i stand til å utføre sitt oppdrag. Det er også viktig at kommunen oppfyller krava i kyrkjelova om å sikre den lokale økonomien i kyrkja.

20.

Frivillige kyrkjelege organisasjonar og institusjonar

Ved sida av den lovbestemte kyrkjestrutturen finst det i Den norske kyrkja eit omfattande frivillig arbeid. I mange kyrkjelydar finst det ei omfattande verksemd i lokale grupper, i foreiningar og ved lokale bedehus. Institusjonar og landsomfattande organisasjonar for mellom anna barne- og ungdomsarbeid, misjon, utdanning, diakoni, kultur og retreat gjer ein stor innsats både i vårt eige land og i andre delar av verda. Det arbeidet desse institusjonane og organisasjonane utfører, tilfører Den norske kyrkja engasjement og kompetanse og er vesentleg for at kyrkja skal kunne utføre sitt oppdrag. Det er derfor viktig at dette arbeidet får gode arbeidstilhøve, og at det får spele på lag med kyrkjelydane og kyrkja sine offisielle organ på ein god måte.

21.

Mangfald av tradisjonar

Den norske kyrkja rommar eit mangfald av tradisjonar og uttrykksformer innanfor trusliv og teologi. Dette er ein rikdom. Auka internasjonal kontakt og økumenisk samarbeid har i dei siste tiåra særleg vore med på å auke mangfaldet. Ein må gi rom for

særpreget i dei ulike tradisjonane og deira oppgåver, samstundes som dei må kunne gjere kvarandre rikare og utfordre kvarandre. Ulike grupper i kyrkja bør handsame kvarandre med respekt og med vilje til å lytte til dei ulike oppgåvene dei har, med gjensidig forplikting på læra i Den norske kyrkja. Biskopane har eit særleg ansvar for åndeleg leiing og tilsyn, og Lærenemnda i Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for å gi tilbakemelding i læresaker.

22.

Den norske kyrkja og andre kyrkjer

Den norske kyrkja tek aktivt del i arbeidet for kyrkja sin einskap gjennom samtaler, samarbeid og avtaler om fellesskap med andre kyrkjer, både i Noreg og i andre land. Dette arbeidet har dei siste tiåra ført til store endringar i tilhøvet mellom kyrkjесamfunna. Den norske kyrkja har inngått avtaler om kyrkjefellesskap med anglikanske og reformatoriske kyrkjer i Europa, og med Metodistkyrkja i Noreg. Kristne frå alle kyrkjесamfunn er velkomne til å delta i nattverdsfeiringa i Den norske kyrkja. Den norske kyrkja er medlem blant anna i Noregs kristne råd, Det lutherske verdsforbundet, Kirkenes verdensråd og Konferansen av europeiske kyrkjer, og vil halde fram med si deltaking i økumeniske organisasjonar og nettverk, både nasjonalt og internasjonalt.

C. FOLKEKYRKJE OG SAMFUNN

23.

Religions- og livssynsfridom

Den norske kyrkja gir tilslutning og støtte til religions- og livssynsfridom som ein grunnleggjande menneskerett, både i Noreg og i andre land. Ho stadfestar kvar einskild sin rett til sjølv å velje si religiøse og livssynsmessige tilknytning, og til fritt å ytre seg om spørsmål som har med religion eller livssyn å gjere. Ho tar avstand frå alle former for diskriminering eller intoleranse på grunnlag av religiøs tilknytning og overtøding. Den norske kyrkja reknar med at styresmaktene handsamar alle religiøse og livssynsmessige grupperingar likeverdig og rettferdig, og vil sjølv arbeide for å fremje gjensidig respekt og forståing mellom ulike trus- og livssynssamfunn. Som majoritetskyrkje har Den norske kyrkja eit særleg ansvar for dette, eit ansvar der kyrkja ikkje alltid har hatt den finkjensla som trengst.

24.

Den norske kyrkja som majoritetskyrkje

Det norske samfunnet er i dag prega av auka religiøs og livssynsmessig pluralisme. Framleis er eit stort fleirtal av folket medlemmar av Den norske kyrkja. Kristen tru og tradisjon pregar livet til folk, i kvardag og fest, noko som mellom anna kjem til uttrykk gjennom den høge oppslutninga om dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd i regi av kyrkja. Den norske kyrkja vil halde fram å tilby kyrkjelege markeringar ved viktige hendingar i livet til lokalsamfunnet eller folket. Uavhengig av korleis dei framtidige relasjonane mellom kyrkje og stat blir ordna, vil Den norske kyrkja arbeide for framleis å kunne vere ei kyrkje med brei tilslutning.

25.

Kyrkja som forvaltar av kultur, verdjar og tradisjonar

Med sine lange historiske røter er Den norske kyrkja ein forvaltar av tradisjonar og verdjar i kultur- og samfunnsliv. Både lokalt og nasjonalt spelar kyrkjelege tradisjonar og seremoniar ei viktig rolle i mange samanhengar. Den norske kyrkja forvaltar ei rekkje kyrkjebygg av stor historisk og kulturell verdi. Dette er ei oppgåve Den norske kyrkja ønskjer å utføre på ein ansvarleg måte i samarbeid med offentlege styringsorgan. Samstundes vil ho vere open for og bidra til nyskaping og fornying av tradisjonar og kulturuttrykk. Kristendomen som kulturarv er det likevel ikkje Den norske kyrkja og dei andre kyrkjefamfunna åleine som forvaltar i det norske samfunnet. Gjennom 1000 år har evangeliet sett djupe og varige spor i folk og samfunn, noko som i dag blant anna let seg finne att i menneskesyn og røyndomsforståing, i veke- og årsrytme, i kvardag og helg.

26.

Kyrkja sitt nærvær i folkelivet

Som folkekyrkje tek Den norske kyrkja omsyn til allmenne livsrøynsler i samfunnet, og søker gjennom kyrkjelege handlingar, i sitt gudstenesteliv og i anna verksemd, å reflektere mangfaldet i menneskelivet. Som folkekyrkje ønskjer Den norske kyrkja framleis å vere til stades i alle lokalsamfunn. Ho ønskjer med si verksemd å vere integrert i livet og det som skjer i lokalsamfunnet, og vil at kristen tru og livstolking skal prege både daglegliv og høgtid.

27.

Kyrkje og etnisitet

Når Den norske kyrkja omtalar seg som folkekyrkje, er dette ikkje å forstå på ein monopoliserande og ekskluderande måte. "Folk" og "kyrkje" er ikkje samanfallande storleikar. Å tilhøyre Den norske kyrkja er ikkje eit vilkår for å vere eit fullverdig medlem av det norske samfunnet. Den norske kyrkja si rolle som folkekyr-

kje må heller ikkje oppfattast som ei avgrensing til det norske i etnisk meining. Den norske kyrkja vedgår gjennom historia å ha vore med på etnisk undertrykking og assimilering, særleg imot samane, kvenane og romanifolket. Den norske kyrkja vil stadfeste retten alle etniske grupper har, til å halde oppe og utvikle sitt særpreg og gjenvinne det der det har gått tapt, både i samfunnet og i kyrkja. I høve til samane har dette gitt seg utslag i eit arbeid for å styrkje samisk kyrkjeliv, blant anna gjennom opprettinga av Samisk kyrkjeråd. I møtet med innvandrara i det norske samfunnet ønskjer Den norske kyrkja å vere ei kyrkje der menneske kan finne seg til rette, same kva etnisk og språkleg bakgrunn dei har.

28.

Verdigrunnet i kyrkja og samfunnet

Uavhengig av korleis dei framtidige relasjonane mellom kyrkje og stat blir ordna, vil Den norske kyrkja arbeide for at kristne verdier framleis skal vere ein viktig del av verdigrunnet i samfunnet. Gjennom etisk rettleiing og diakoni vil kyrkja særleg hevde at menneskelivet er ukrenkjeleg og har krav på vørndnad, fremje rettferd i økonomi og samfunnsliv, fremje verdier som vernar ekteskap og familie, fremje fred og forsoning, og kjempe for vern av skaparverket. Bodsken til kyrkja ber i seg element som både stadfestar og utfordrar samfunnet og kulturen der. Situasjonen i dag er at den kristne bodsken blant anna utfordrar sider ved ideala og livsstilen i forbrukarsamfunnet. Kyrkja vil i så måte representere ein motkultur i samfunnet. I arbeidet med etiske og moralske spørsmål er det viktig med dialog internt i kyrkja og å byggje opp alliansar med andre aktørar i kultur- og samfunnslivet. Samstundes som Den norske kyrkja har ei kultur- og samfunnskritisk rolle, ønskjer ho sjølv å vere mottakeleg for kritikk og korreksjon i høve til korleis ho tek hand om sitt oppdrag.

29.

Kyrkja sitt ansvar i eit internasjonalt perspektiv

Den norske kyrkja er del av ein internasjonal fellesskap. Oppdraget og forpliktingane kyrkja har er derfor ikkje avgrensa til vårt eige land. Gjennom internasjonal misjon, diakoni og arbeid for fred, solidaritet og menneskerettar er ho, i nært samarbeid med partnarkyrkjer og -organisasjonar, med på å ta hand om det felles kristne oppdraget også utanfor Noreg. På tilsvarende måte mottek kyrkja og samfunnslivet viktige bidrag og perspektiv frå den verdsvide kyrkja.

Kva skal kyrkja vere?

Den norske kyrkja er inne i djuptgripande endringsprosessar. Kyrkjemøtet tok i 2002 initiativ til eit arbeid med kyrkjeforståinga og kyrkjelege reformer. I regi av Kyrkjerådet gjeng dette arbeidet mellom anna føre seg ved at organ og tillitsvalde i kyrkja vert trekte inn i drøftingar om deira forståing av kyrkja.

Fråsegna “*Den norske kyrkjas identitet og oppdrag*” som eit samrøystes Kyrkjemøte vedtok i november 2004, inviterer alle medlemmer av kyrkja til å tenkje over kva kyrkja er og skal vere.

Kyrkjemøtet 2004 vedtok fråsegna på bakgrunn av eit spørsmål frå det regjeringsoppnemnde stat/kyrkje-utvalet.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet